

# Høyring – vidare utbygging av breiband

30. april 2014

*Austrheim kommune planlegg vidare utbygging av breiband også i 2015, og skal søke om midler til dette. Formannskapet vedtok å leggje planane ut på høyring i møte 30.04. Alle som ynskjer å gi høringsuttale (lag og foreiningar, bedrifter, einskildpersoner osv) vert invitert til å gjere det innan 30. mai. For å rekke formannskapshandsaming 27. mai er det likevel ynskjeleg at innspel kjem før det.*

## Høyringsdokument – Utbygging av fiberbasert breiband i Austrheim kommune

Austrheim sette i 2013 i gong eit prosjekt med utbygging av breiband med høg hastigheit basert på fiber, og fekk tilsegn om 1,6 mill. i tilskot frå Hordaland fylkeskommune som fordelte midlar til dette. Austrheim kommune har hatt utbygging ute på anbod, og har inngått avtale med BKK om utbygging til følgjande område i år: Kaland, Fonnes, inkludert Fonnesstraumen, Kvalvågen, Sætre, Mastrevik, Årås og Austrheim. Austrheim kommune ser føre seg ei utbygging over fleire år.

I 2014 er tilskotsordninga lagt om ved at det er Post- og teletilsynet som forvaltar midlane. Dei vektlegg følgjande:

- 1. Antall husstander som får et tilbud om bredbånd med grunnleggende god kvalitet*
- 2. Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt*
- 3. Lokal medfinansiering*
- 4. Plan for bærekraftig drift etter at utbyggingen er gjennomført*
- 5. Bedring av eksisterende bredbåndstilbud*
- 6. Betydning for lokal samfunnsutvikling, verdiskaping og attraktivitet for innbyggere næringsliv og besøkende*

Austrheim kommune har på bakgrunn av dette teke ein grundig gjennomgang av kvar det er hensiktsmessig med vidare utbygging av fiberbasert breiband. Resultatet av denne gjennomgangen er at ein ynskjer å søkje om tilskot til følgjande område for utbygging i 2015:

- Kilstraumen, Utkilen og Synnevågen
- Leikvoll-Solend.
- Hopland.
- Bergsvik-Lerøy.
- Rebnor-Øksnes.

Basert på førre utbyggingsrunde vil pris for utbygging av desse områda liggje på om lag 2. mill. kr.

**Frist for innspel er 30. mai. For å rekke formannskapshandsaming 27.05. er det likevel ynskjeleg at innspel kjem inn før det. Innspel vert send til [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no) og vert merka med "høyringsuttale utbygging av breiband".**

For meir informasjon og spørsmål, ta kontakt med prosjektleiar Frode Hervik på tlf. 56162137/90565217 eller e-post: [frode.hervik@austrheim.kommune.no](mailto:frode.hervik@austrheim.kommune.no)